



Eg ser at du e trøtt, men eg kan ikkje gå alle skrittå for deg. Du må gå de sjøl, men eg vil gå de med deg, eg vil gå de med deg. (Bjørn Eidsvåg)

Nr. 1

63. årgang

Påsken 2022



SALME 31

¹Til korleieren. Ein salme av David.

² Herre, eg søkjer tilflukt hos deg, lat meg aldri bli til skamme! Fri meg ut i di rettferd!

³Vend øyret til meg, skund deg og

redd meg!

Ver meg eit vern og eit berg, ei borg til frelse!

⁴ Du er mitt fjell og mi borg; for ditt namn skuld fører og leier du meg.

⁵ Løys meg or garnet dei har spent ut for meg!

For du er mi tilflukt.

⁶ I dine hender gjev eg mi ånd, du løyser meg ut, Herre, du trufaste Gud.

Ein bønnelapp

Eg la denne lappen i bønnekrukka under fastegudstenesta då krigen i Ukraina starta. Det er ikkje alltid at orda uttrykker det ein ber på. Ofte må musikk, ei skisse, stillheit, fellesskap eller frisk luft til.

La meg likevel prøve å fylle ut med ord: Skissa viser ei stridsvogn som er i krig, medan den treeine Gud feller tårer.

Salme 31 blir brukt i kyrkjene i Ukraina om dagen. Salma vert bede kvar dag kl 17 når folket samlast – ikkje i kyrkjene, men i bomberomma. Me ber med dei, sender hjelp, tek imot søsken på flukt her hjå oss. Men kva med Gud? Kunne ikkje Gud stoppe dette, sidan Gud er allmechtig?

Spørsmål som dette kan skape enno meir tvil og utrygghet i ei verd som verkar meir og meir brutal. Denne kjensla vil eg gjerne adressere i påskeandakten nettopp i år. Det vonde, det som skaper avstand mellom menneske, det som nærer opp under frykt, tvil, misunning og liknande, har vore ein del av verda slik me kjenner den. Det var ikkje Gud sitt ønske at verda skulle utvikle seg slik, og urforteljingane våre forklarar dette med at menneske frå første dag fekk fri vilje, og no lever me alle med konsekvensane av vala.

Også Gud sørger over dette og kunne ikkje sjå på at kloden og skaparverket, menneske inkludert, fekk det verre og verre, ikkje betre. Profetane i det gamle testamentet fortel om dette: Enker blir utnytta, fattige og framande må flykte, krig og hat øydelegg for vekst og samarbeid.


Gud prøver seg på plan B. Send ein frelsar. Me kjenner forteljinga om Jesus, sonen som tek oppdraget, underviser, forklarar, lækjer, provoserer urettferdige system i samfunnet, løfter den svake konsekvent opp. Og så, tek det som må være den tyngste delen av oppdraget: Jesus går inn i lidinga, torturen, forhøyra og vidare gjennom ein sakte død på eit kors.

«Min Gud min Gud, kvifor har du forlate meg?» ropte Jesus ut frå korset. Kanskje spør folket i Ukraina, og andre stader med krig og vold, ja: «Gud – kvifor har du forlatt oss, gløymt meg?»

Eg trur på ingen måte at Gud har gløymt eller gitt opp verken kloden eller kvar av oss som lever her! Eg trur Gud gret, og så lurar eg nok litt på om Gud kanskje angrar på at menneske fekk fri vilje.

På den andre sida: Kanskje det er nettopp

denne frie viljen til også å velge det gode som vil redde kloden, stoppe krigen, skape trygge fellesskap? Jesus – frelsaren – valde fritt å ta oppdraget med å gi oss og kloden ny sjangs. Det oppdraget fullførte han då han sto opp frå dei døde 1. påskedag.



**God påske.
Godt nytt håp for verda.**

**Ingebjörg Laugaland
Sokneprest i Vang**

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevjerje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Ragni Almenning
ragni.almenning@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Kyrkjevevjerje: Andris Kjøs
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

**ØYE KYRKJE OG
ØYE STAVKYRKJE**

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevjerje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjörg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret på Klokkarhaugen
Dagleg leiar: Guro Hovda
e-post: gh575@kirken.no
Sekretær: Marianne Straum,
epost: ms539@kirken.no
Tlf: 61 36 95 90
Kontortid: 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 25, frist for innsending av tekst og bilder er 23. mai 2022. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Ivar Hagerup

Endelig!

Våren er her, og i skrivende stund skinner sola og smelter litt snø hver dag. Dagene er lengre, og sola er opp både før og etter arbeidstid. Det gjør godt etter vinteren.

Endelig!

Kirkene kan fylles med folk igjen uten at vi må ha avstand til hverandre. Soknerådene, Ingebjørg, Artur og de andre i stabene har lagt en god plan for påsketida. Jeg håper kirkene blir fulle i påsketida, til gudstjenester både ute og inne, til alle døgnets tider og konsert med pasjonsmusikk.

Endelig!

Å ha kirkekontor på Klokkarhaugen

er som å falle til ro, komme hjem. Det er en egen sjarm og ro i huset som er helt påtakelig. Det merker også noen av de som kommer innom. Snart kan lunsjen inntas ute på sletta ut mot Vangsmjøsa. Mange gjennomreisende har også glede av den plassen. Rett som det er stopper det biler, og folk går ut og ser på utsikten, tar bilder og spiser gjerne maten sin der. Det er så hyggelig! Jeg skulle gjerne sett at det ble en samlingsplass for flere enn turister og oss på kontoret.

Ikke endelig!

Kontormedarbeider Jovita har permisjon et år, og som vikar har vi fått Marianne Straum. Sist vi «jobba»



sammen, var i Åsvang barnehage, da hun var 3 år og jeg var 20. Marianne har god erfaring fra kirkekontor, så vi er godt fornøyd med å kunne ha henne her hos oss.

Med dette lille innblikket i mine tanker ønsker jeg alle en riktig god påske!

Guro Hovda



Påskefeiring har det vore i lang tid tilbake. Jødane feira påske mellom anna for å markere israelittane si utvandring frå Egypt. Den kristne tradisjonen går tilbake til år 325 e.Kr. då Konsilet i Nikea bestemte at 1. påskedag skulle vera fyrste sundag etter fyrste sykliske fullmåne som inntreff på, eller etter 21. mars. Høgtida vert, som me lærte om som born, feira til minne om Jesus Kristus si siste nattverd, krossfesting, liding og oppvakning. Forteljninga gjev inntrykk og me føler med Jesus som berre ville gjere alle godt, men som likevel skulle bli mistenkeleggjort, baktala, straffa og bli dømd til døden. Men stod altså opp att frå dei døde den tredje dagen.

Påska 2022 vil på ny minne oss om den kristne budskapet og den historiske markeringa i fleire religionar. Men påskefeiring i vår tid har knytt seg mange fleire tradisjonar enn i starten for mange hundre år sidan. Noko er også likt. God mat og ei høgtideleg gjennomføring av måltidet går føre seg i mange heimar og hytter. Nye tradisjonar er påskeharen, appelsinar og kvikk-lunsj, krimbøker og spennande TV-seriar. Nokre ynskjer fred og ro og kunne slappe av i påska, andre ynskjer

at det skal skje noko, helst både dag og kveld. Me er forskjellige, og takk og pris for det. Men takk til alle som legg til rette for at alle skal få sitt behov dekkast mest mogleg. Både bedrifter, frivillige, kyrkja, lag og organisasjonar.

Ja, påska har lange og gode tradisjonar. Dei skal me hegne om og ta vare på. Og me kan lære av historia. Men kva har me eigentleg lært? Er det ingen i våre dagar som blir krenka, mistenkeleggjort og sett i «gapestokken» for sin oppførsel, sine verdiar og meiningar slik som Jesus vart? Jau, dessverre

er det slik. Og vår tids gapestokk og kross, utan sjølvstund å kunne samanlikne det fullt ut, er ofte sosiale media. Der er det lett å kaste seg ut i kommentarfelt og kanskje hets som ikkje er godt nok gjennomtenkt og som sårar dei som blir råka. Særleg overfor dei unge skal me eldre vere gode førebilete og mange unge føler seg uthengt. Bruk påska til å tenkje gjennom din bruk av sosiale medier, eg kan starte med meg sjølv, og vurder om kor fornuftig mine og dine ordval og argument er. Så er det også slik at sosiale medier har mange sær positive sider. Mange blir sett gjennom bursdaghelsingar, me set pris på fine

bilete som blir lagt ut og me kan følgje med i livet til mange. Det er hyggeleg, det kan gje oss noko.

Ja, det å lære av historia burde også leiarane av stormaktene ta inn over seg. I skrivende stund er det krig i Europa, svært nær oss. Ein heilt ufatteleg, meiningslaus og fæl krig mot eit sjølvstendig land. No er det konflikter og krigar mange stader i verda som me kanskje ikkje er nok opptekne av, noko me burde, men det er ganske menneskeleg at me blir ekstra redde og uroa når det er krig så nær oss i Europa. Me ber om at dei som har makt til å løyse opp i denne konflikten kjenner på og tek ansvar for å skape fred. Fred i vår tid.

Det vart litt alvor på slutten her, men når påska står for døra må me glede oss over påskefeiringa, over våren, lysare tider og at pandemien forhåpentlegvis er på retur. Håpar at alle kan trivast i vår fantastiske vangs natur, møtast i sosiale samanhengar og få overskot til å leve god liv frametter.

Retteleg god påske!

Vidar Eltun, Ordfører

Min påskesalme

«Å salige stund uten like», «Påskemorgen slukker sorgen» og «Deg være ære» er for meg dei mest sentrale påskesalmane.

«Jesus lever, graven brast» er heller ikkje å forakte og har klart seg godt sidan han vart skriven for 236 år sidan. Det er Johan Nordahl Brun som har skriva denne salmen. Han var biskop i Bergen stift frå 1803 til han døyde 1816. Han har kjende etterkomarar som Nordahl Rolfsen (han med lesebøkene) og Nordahl Grieg. Mange gamle salmer er svært slitesterke. Det har samanheng med at tekst og melodi står godt til kvarandre. Melodien er laga av den tyske organisten og komponisten Johann Rudolph Ahle i 1664, og er også nytta til «Lover Herren», som også står i salmeboka.

Det har ikkje vore nødvendig å endre eit einaste ord i denne salmen sidan han vart skriven. Inga modernisering av teksta har vore nødvendig for å bli forstått den dag i dag.


Det var frå starten eit tredje vers som seinare har vorte tatt bort, slik at salmen i dag lyder:

Jesus lever, graven brast!
Han stod opp med guddoms velde.
Trøsten står som klippen fast:
at hans død og blod skal gjelde.
Lynet blinker, jorden bever,
graven brast, og Jesus lever!

Jeg har vunnet, Jesus vant,
døden oppslukt er til seier.
Jesus mørkets fyrste bandt,
jeg den kjøpte frihet eier.
Åpen har jeg himlen funnet,
Jesus vant, og jeg har vunnet!

Eg opplever dette som ein salme der tekst og melodi saman uttrykker påskedagens jubel. Og han formidlar etter mi mening det sentrale i kristendommen.

Tore Hovda



Trusopplæring

Trusopplæring har vi hatt i den forma vi har no, i mange år. Vi har prøvd ut mange gode tiltak, som det ser ut til at ungar og ungdom i Vang likar.

No er det tid for å revidere den første planen, og Anne, Ingebjørg og Guro har stadig møte (sjå bilde) der vi legg nye planer for nokon av aldersgruppene, medan det som fungerer fint, fortset vi med.

Lys Vaken har vore avlyst dei to siste åra på grunn av pandemien. Siste helga i mars er dei alle difor invitert til overnatting i Vang kyrkje kvar si natt, og med

alle samla til gudsteneste søndagen. Dette blir moro, med både natursti og skattejakt, gudstenesteverkstad og leik. Konfirmantane har vore i Vangshallen og hatt mange gode aktivitetar der ein heil dag. Og i mars er det konfirmantleir på Tyinholmen, med gudsteneste i St.Tomaskyrkja søndagen. I mai blir det Tårnagentdag, slik vi pleier, med avslutting på dagen med gudsteneste i Øye kyrkje.

Har du lyst til å vere med som frivillig, er det fint om du gir oss eit hint.

Guro Hovda



For folket i Ukraina, og for verden.

Tekst: Biskop Solveig Fiske

Det er krevjande å gå inn i påsketida utan å ha med seg det bakteppet som speglar seg i verda. Når dette skrivast rullar bilete frå krigen og invasjonen i Ukraina over skjermane. Det er forferdeleg å sjå på, og det minner oss om den menneskelege lidinga som skjer både der og andre delar av verda kvar einaste dag. Folk mistar hus og heim, det er redde barn og vaksne, soldatar som døyr, og menneske på flukt.

Påskas tekster dekker heile livsspennet. Jesu død på korset blir eit synleg symbol på håp midt i ei verd merka av lidning og vondskap. På dette korset hang Jesus, kjærleikens, fredens og rettferdas Gud. Gjennom hans oppstode får vi sjå så tydeleg at denne lidinga slett ikkje har siste ord – men det er eit liv etter døden. At døden og det vonde aldri vil kunne sigra over det som er godt. Kristus er verdas ljøs, og dette ljuset kan aldri myrkret slukke.

Påska gjev høve til å lyfte fram dette håpet. Gje merksemd til dei som lid, og syne at vi har ein Gud som sjølv har kjent på kroppen kva dette inneber. Å vere einsam, i smerte, tørst og svolten. Å vere flyktning. Ja, Gud forstår godt korleis det er å vere eit menneske – både styrke, sårbarheit og nestekjærleik. Som kyrkje er vi kalla til å formidle dette ut til heile verda, frå kvar ei kyrkje og i alle lokalsamfunn.

Denne påska ber vi, i ljøs av Jesu oppstode, for folket i Ukraina, og for alle menneske som opplev krig og øydeleggingar i verda. Jesus Kristus, kom med din fred!

En epoke er over

Jeg har blitt spurt av Menighetsbladet om å skrive litt om asylmottak i Vang. Til alle tider har folk søkt seg vekk fra fattigdom, undertrykkelse, krig og naturkatastrofer. I historisk tid kan vi se tilbake på «den store folkevandringstiden» etter Romerrikets fall på 400-tallet. Selv her i Valdres er det bygdeborger som stammer fra denne tida.

Den store utvandringen til Amerika er et annet eksempel. Har vi ikke alle noen i familien som dro «over there»?

De store verdenskrigene medførte også store flyktningebølger, slik også med Vietnamkrigens kjente båtflyktninger. Midt på 1980-tallet kom det en bølge av flyktninger til Europa i hovedsak fra Asia, Afrika og Sør-Amerika. De kom også til Vang. Rundt om i Norge ble det ganske raskt opprettet asyl-/flyktningmottak på hotell, noen på de mest avsidesliggende steder du kan tenke deg. Det første mottaket i Vang ble opprettet i Ryfoss og drifta av Røde Kors. Det var også mottak på Nystuen hotell en kort periode, hovedsakelig for chilenerne, og på Tyin hotell var det i flere år asylmottak med flere nasjonaliteter.

Vang kommune ble informert av Statens Flyktningesekretariat at det ville bli innkvartert 30 iranske flyktninger på Grindaheim hotell 26.9. 1986. Oppholdet skulle vare fra 14 dager til 2 måneder. Kommunen skulle ikke ha noe ansvar og ikke foreta seg noe. Det kom ytterligere 20 iranske flyktninger til kommunen uten at den ble informert om dette. (Opplysninger fra Vang kommunes brev til Statens Flyktningesekretariat 29.10 1986)

Jeg har fått låne en perm: Kontaktgruppe VANG-IRAN. Denne kontaktgruppa hadde sitt første møte 4.11.86.

På dagsorden:

Kontaktgruppas oppgaver:

1. Skape sosial kontakt mellom iranere og bygda.
2. Formidle kulturell kontakt.
3. Samle informasjon om flyktningenes rettigheter og muligheter for arbeid, utdanning o.l
4. Fungere som pressgruppe for å få staten til å oppfylle sine forpliktelser overfor flyktningene.



Ei jente på privat besøk i norsk hjem.

Som vi kan forstå, det var ikke et systematisert og klart opplegg for å ta imot flyktninger. Det ble holdt møter med andre kommuner og vennegrupper og dannet en paraplyorganisasjon. Alt basert på frivillig basis. Hurra for frivilligheten!

Til Grindaheim hotell hadde det først kommet flere titalls (50) mannlige iranere iført pent sommertøy. Ganske prekkært når det går mot vinter i Vang. Her tok kontaktpersonene grep og ordnet med vintertøy og sko i første omgang. En av disse tok kontakt med en av iranerne fra den gang, og noe av det han husker med stor takknemlighet: «52 par vintersko, festene, bygda, støttegruppene og de andre asylsøkerne».

På forsida av Aftenpostens morgenutgave fredag 21. november 1986 sto det: «Myndighetene svikter iranerne i Valdres:

Nabohjelp i nøden (og her er det et bilde av 8 unge menn med ski og staver i hendene)

«Ski er bra, men vi trenger også informasjon, undervisning og kontakt», sier asylsøkerne i Valdres.

Vi gjør den jobben departementet og Flyktningesekretariatet burde gjort, sier en støttegruppe som er dannet av bygdefolk i Vang i Valdres for å hjelpe 48 iranske asylsøkere som er plassert der. Kommunen vil gjøre noe, men får ikke lov fordi sekretariatet har bestemt at iranerne skal betraktes som vanlige hotellgjester.»

Det ble mange innlegg i lokalavisen

Valdres også, for og imot flyktninger, men også gripende historier om bakgrunnen deres. Gode nyheter kom også frem, f.eks. en reportasje fra «Gluggen» 20.2.87. Her møter vi 2 iranske karer som driver med bilpleie på Lomen Auto. Mange fikk litt arbeid i nærmiljøet, norskundervisning og ble tatt med på ulike aktiviteter. Det ble arrangert konserter, kunstutstillinger, dansekurs o.a. Mange fikk hjelp til å søke videre utdanning og hadde god oppfølging av sine kontaktpersoner (ingen nevnt, ingen glemt).

Etter som tiden gikk, ble det laget nasjonale retningslinjer for asylpolitikken. Hero overtok drifta av asylmottaket i Vang. Les de gode innleggene i Menighetsbladet nr. 3 og 4 i fjor: «Hele verden i lille Vang». Avisen Valdres hadde lørdag 27. september 2008 en flere sider lang reportasje av Elisabeth Øraker: «Asylsøkernes liv med bygda. RAPPORT FRA ET FARGERIKT FELLESSKAP», og jeg har lyst til å bruke hennes innledning for å oppsummere: «Sjøl om noen tror denne artikkelen kanskje er en solskinnshistorie som er «pynta» på, er faktum at det har vært veldig vanskelig å finne noen som har noe negativt å si. Mange er spurt og alle sier det samme: De synes det går helt greit.»

Den dagen jeg begynte å skrive dette, invaderte Russland Ukraina!

Det fikk meg til å tenke på noen gamle karer jeg snakka med i Syd-Tyskland i 1983. På den tida var det utplassering av raketter i Europa og en ganske så spent situasjon: «Så lenge det er liv i oss som

Myndighetene svikter iranerne i Valdres:

Nabohjelp i nøden



— Ski er bra, men vi trenger også informasjon, undervisning og kontakt, sier asylsøkere i Valdres. (Foto: Storm Berit, Samhold.)

— Vi gjør den jobben departementet og Flyktningsekretariatet burde gjort, sier en støttegruppe som er dannet av bygdefolk i Vang i Valdres for å hjelpe 48 iranske asylsøkere som er plassert der. Kommunen vil gjøre noe, men får ikke lov fordi sekretariatet har bestemt at iranerne skal betraktes som vanlige hotellgjester. Side 4



En plakat asylsøkerne på Fossevang laget i 1987.



Bursdagsfeiring på mottaket

kjempa ved Stalingrad under andre verdenskrig, blir det ingen ny krig.»

startet, og også Norge legger til rette for å ta imot nye flyktninger.

La oss håpe det beste for Ukraina og verdensfreden, men en ny epoke har

Tekst: Aud Kvale

Foto: Sidsel Offergaard Jevne

Kald skulder fra Flyktningsekretariatet:

Bygdefolk hjelper fortvilte iranere

ELISABETH RANDSBORG

På Grindaholm Turisthotell i Hjelbygden Vang i Valdres bor 48 iranske asylsøkere. Nå har bygdefolket dannet en støttegruppe for å hjelpe dem. — Vi tetter hull i en demning hver dag for å holde asylsøkerne såpass psykologisk på bena at de ikke får nervesammenbrudd hele gjengen. Vi gjør den jobben departement og Flyktningsekretariat burde gjort. Også kommunen vil hjelpe, men har fått beskjed av Flyktningsekretariatet om bare å betrakte asylsøkerne som vanlige hotellgjester.

Det bor 1700 mennesker i Hjelbygden Vang, 600 meter over havet. Hit kom iranske asylsøkere i slutten av september, uten at kommunen var informert. Sakens Flyktningsekretariat har inngått avtale med Grindaholm Turisthotell, som skal sørge for forpleining og norskundervisning. Kommunen vil gjerne gjøre en innsats, men får ikke lov.

— Vi har fått beskjed om å betrakte asylsøkerne som vanlige hotellgjester og sliter igjen med inntrykk av at vi bare må holde fingrene av

fatet. Asylsøkerne er Flyktningsekretariatets ansvar. Men det er lett å sitte i Oslo og plassere asylsøkerne her opp. Vang er en liten kommune, og asylsøkerne er mennesker vi kommer i kontakt med hver dag. Vi ser hvor frustrerte og isolerte de er, og vi vil gjerne hjelpe, sier rådmann Ottar Haugen.

I slutten av oktober skrev han brev til Flyktningsekretariatet med kritikk over manglende informasjon, men også med en invitasjon til innsett og samarbeide.

— Vi fikk svar på brevet forrige dagen, og jeg må dessverre si at Flyktningsekretariatet tok et lite til ved innviastion. De gjentok at asylsøkere er Flyktningsekretariatets ansvar. Jeg begynner å forstå det vi har hørt mistenke om, nemlig at kommunen må ta skjelen i egen hånd og for egen regning.

Norskundervisning, fritidsaktiviteter og eventuelle arbeidsmuligheter, er tillit rådmann Ottar Haugen kan tenke seg å bistå asylsøkerne med. I tillegg til den legetjeneste kommunene allerede har bidratt med.

Støttegruppe

20 privatpersoner i Vang har dannet en støttegruppe for å hjelpe asylsøkerne. En av dem, Thorstein Johansen, dro sammen med tre asylsøkere til Oslo for å snakke

med Flyktningsekretariatet.

— Jeg fikk inntrykk av at Flyktningsekretariatet ikke var så opptatt av asylsøkerne og vel. Vi delte oss rett og slett avvist — dette var noe privatpersoner ikke skulle ha noe med å gjøre. Asylsøkere var Flyktningsekretariatets ansvar. Vi tok kontakt med Norsk Organisasjon for Asylsøkere, NOAS. Der fikk vi den hjelp og informasjon som Flyktningsekretariatet burde gitt, sier Johansen.

Nettapp mangel på informasjon og noen å ha kontakt med, er bakgrunnen for den støttegruppen, bygdefolket selv har dannet.

— Vi har brukt hundrevis av kroner i telefongifter for å skaffe informasjon og hjelp som det offentlige skulle ha tatt seg av, sier Jan Sparstad, som er engasjert av hotellet for å gi asylsøkerne norskundervisning.

Gråter

— Vi skal gi 15 timer norsk i uken, men halvparten av tiden går med til å hjelpe asylsøkerne med informasjon. Takket være initiativ fra støttegruppen, har vi nå fått et møte med polit og arbeidskontor for å undersøke muligheten for arbeid til asylsøkerne, bare for å nevne ett eksempel. Asylsøkerne har enorme psykiske problemer. Vi prøver å gi zorakun-



undervisning i en klasse der en tredjedel av elevene sitter og gråter i fortvilelse eller ligger på rommene i dyp depresjon. Likevel er de positive til å være her. Min personlige mening er at dette kunne råkne totalt, hadde det ikke

vært for støttegruppen. Vi tetter hull i en demning hele tiden for at asylsøkerne ikke skal få nervesammenbrudd hele gjengen, sier Sparstad. Støttegruppen har nå skrevet et brev til sosialministeren og redegjort for situasjonen, og man bør andre statlige organer overta det arbeidet støttegruppen nå gjør.

— Det er ingen tvil om at Flyktningsekretariatet har avvirket, men Sosialdepartementet har også et ansvar, sier Sparstad.

Bygdefolket i Vang har dannet en støttegruppe for de 48 iranske asylsøkerne som bor på Grindaholm Turisthotell i Valdres. (Foto: Osa Edgaard, Samhold.)

Piskeandakt

Etter enda ein dag i dødens landskap med sjokk, sorg og saknad, hadde Maria Magdalena og dei andre som følgde Jesus, funne kvile i god svevn. Men ho vaknar grytidleg. Alle som har erfart død og sorg, veit noko om dette. Vere sliten. Legge seg. Gå inn i svevnen, men vakne brått tidleg på morgonen og tenke: Er det sant?

Dei som sørga over Jesus, opplevde nok natta som enda mørkare enn dei var vande med. Han som dei hadde knytt håpet og framtida si til, var død. Han som snakka om evig liv, hadde sjølv gitt tapt for dødskreftene.

Tidleg på morgonen. Bråvakne og kjenne på alt dette som døden er. Vakne og

legge i veg mot grava.

... medan det enno er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava, skriv evangelisten Johannes og skildrar Maria Magdalena og den skjelvande uroa hennar, den raske løpeturen og overleveringa av beskjeden om at grava er tom.

Eg trur opplevinga liknar noko den amerikanske poeten og songaren Kate Wolf skreiv:

*Den finaste stunda eg veit
er den som kjem mellom nattas oppbrot
og dagens gry.
Det er den timen da myrkret rullar
bort.*

Framleis lever vi i kontrastanes verd.

Framleis vil det vere mange tidlege morgonar med brennande eksistensielle spørsmål kring liv og død, fellesskap og fråskiljing.

Men Jesu død er ikkje lenger eit teikn på avmakt, men og eit teikn på at Guds håp er planta på jorda for oss alle. Han som i sanning var død, lever i dag og går med oss alle dagar.

Lyset frå den evige kjærleik er der og styrkar trua, håpet og kjærleiken og utfordrar oss til å leve til Guds ære og til gagn for menneska.

**Velsigna påske!
Solveig Fiske
Hamar biskop**



Kven vil du foreslå som ny biskop i Hamar bispedømme?

Fiske. Foto: Hekta. Köhn. Foto: Arnfinn Johnsen

I oktober 2022 blir biskop Solveig Fiske 70 år. Allereie i vår startar prosessen fram mot tilsetning av ny biskop i Hamar bispedømme.

Medlemmane i kyrkja vil bli invitert til å foreslå aktuelle namn til å ta over leiaroppgåva. Etter ein grundig gjennomgang av forslaga skal Hamar bispedømmeråd nominere inntil fem namn. Det vil etterpå gis høve til supplerande

nominasjon.

Etterpå vil kyrkjelydsråd, prestane i bispedømmet, dei vigsla tilsette i bispedømmet, alle prostane i Den norske kyrkja og nokre fleire bli inviterte til å delta i ei rådgjevande avstemming. Dei tre kandidatane som får flest stemmer blir med vidare i prosessen.

Hamar bispedømmeråd og biskopane i Den norske kyrkja skal da uttale seg om

kven av dei tre kandidatane som er mest skikka til oppgåva.

Til slutt er det Kyrkjerådet som tilsett ein av dei tre kandidatane til ny biskop i Hamar bispedømme.

Oppdatert informasjon vil du finne på bispedømmerådet si nettside: kirken.no/hamar

Hamar bispedømmeråd

Presteliv på prærien

Gud elsker ein glad givar

Som prest i ELCA (Evangelical Lutheran Church of America) var det mange praktiske sider ved menighetslivet som var annleis enn slik me har det i Norge og i Den norske kyrkja.

Pengar og økonomisk støtte for eksempel.

Sjølv om den lokale kyrkjelyden er medlem av ELCA, som har over 4 millionar medlemmer, er det ingen økonomi som kjem frå sentralledet. Tvert imot betaler dei lokale kyrkjene inn til sentralledet, og tilbake får dei tenester som gudstenestebøker, svært gode søndagsskuleopplegg for alle aldersgrupper, kurs, kompetanse, gode forsikringsordningar for dei tilsette og liknande.

Dette betyr at pengar til løn, drift og vedlikehald må ordnast lokalt. Slikt blir det stor dugnadsinnsats av og «ofring til eige arbeid» fekk brått ei heilt ny meining for meg.

«Eige arbeid» var mellom anna, og eigentleg mesteparten, mi løn. Den kunne gå både opp og ned ein gong i året. Mange som gav hadde fast trekk frå driftskreditten.

Frivillig innsats hadde sjølvsgagt stor verdi både konkret, sosialt og ikkje minst økonomisk. Det ein ikkje trong å kjøpe, var pengar spart til andre oppgaver.

Gåver var sjølvsgagt kjærkomne!

Eg hadde merka meg at det gjerne var ei lita messingplate, ei inngravering eller brodert inn «Dedicated by ...» på glassmaleri, preikestol, altersølv eller tekstilar. Eg tenkte det var litt voldsomt, men forstod snart at særleg gravferder gjerne finansierte utsmykkingar eller andre ting i kyrkjerommet, og at premien var å få namnet til familien og gjevarane passe synleg i kyrkja.

Så var det me trong nytt piano i Good Hope Lutheran Church. Ville nokon



gi det? Eit piano er jo ganske kostbart. Sanneleg vart det napp. Apotekaren og familien ville gi pianoet – på eit vilkår – det skulle være hemmeleg kven som gav pianoet. Hemmeleg på Good Hope er like hemmeleg som i Vang! Men apotekaren visste råd: Ho sette naboen sitt namn på messingplata!

Ja, Gud elsker ein glad givar!

The reverend pastor Laugaland

For de sårede

1) Der går et stille tog
igjennom kampens bulder
med bønn på alle sprog.
Det bøyer mod den falne ned,
med korset på sin skulder,
med bud fra hjem og fred.

4) Det er hvert smertestønn
av sårede og syke,
det er den kristnes bønn,
det er forlattes bleke rop,
det er den krenktes klage,
den dreptes siste håp.

5) En bønnens regnbu-bro
opp gjennom verdens uvær
i skinn av Kristi tro:
at over lidenskapens nød
må kjærlighet få seire;
ti så hans løfte lød.

Tekst: Bjørnstjerne Bjørnson

Veronika vigsla til kantor

Veronika Kashina, som tidlegare var organist her, har teke kantorutdanning, og vart innsett som kantor i Tranby kyrkje der ho no jobbar. Det var ein flott gudsteneste, der Veronika deltok mykje, og Aleksandra var og med på fiolinen.

kaffien var det mange lovord om arbeidet Veronika gjer, og om det flotte mennesket ho er. Og vi som var der frå Vang vart nesten heidersgjestar, for «alle» hadde høyrte så mykje godt om Vang. Vi ynskjer alt godt for henne i arbeidet.

Biskop, prost, prestar og kyrkjeverje deltok, saman med soknerådet. På kyrkje-

Tekst og foto: Guro Hovda



Nytilsette i

Vang kommune frå 2022

Matilde Hermundstad Hovi, Vang
Stovevakt, VHT

Ylva Remmen, Vang
Stovevakt, VHT

Solvor Kvissel Remmen, Vang
Stovevakt VHT

Isabell Noguchi Kjørlien, Vang
Stovevakt VHT

Ida Nefstad Stende, Vang,
Stovevakt, VHT

Kristiane Sørengen Berge, Vang
Stovevakt, VHT

Jannike Trøen Hovda, Vang
Stovevakt, VHT

Mimoza Zogaj, Vang
Helsefagarbeidar, VHT

Kjell Otto Framstad, Vang
Byggedriftar, Vang kommune

Anna Szalaj, Vang
Fagarbeidar, Tilrettelagte tenester

Heidi Sørensen, Vang
Helsefagarbeidar, VHT

Ola Erik Heen Moe, Elverum
Rektor, vikariat VBU

Anne Lajord Belsheim, Vang
Spesialpedagog, Fredheim bhg

Andrea Haugen, Vang
Pedagog, Fredheim bhg

Grethe Svanheld Strand, Fagernes
Bhg.lærer, vikariat Fredheim bhg

Peter Thommesen, Oslo
Ped. leiar, vikariat Fredheim bhg

Barbro Hegge, Skammestein
Fagleiar psykisk helse, Helseavd.

Anne Karin Skjær, Vang
Personalrådgjevar, vikariat, Stab

Silje Hjellemarken Helland, Vang
Dirigent, Vangskoret

(VHT = Vangsheimen og
heimebaserte tenester)



Så var det på'n igjen

Koronatiden var ikke over – og nå er det nye utfordringer!

I høst trodde vi at koronatiden skulle være over – men neida! Det var jo så bra en tid – fritt fram for det meste av aktivitet – men fra 9. desember ble det strammet inn igjen, for en ny og enda mer smittsom variant av viruset. Vi må nok lære å leve med dette viruset og gjøre det beste ut av det. Derfor fortsatte Kyrkja i Vang sine planlagte arrangementer så godt som mulig – selvsagt i tråd med smittevernreglene.

Vi ville ikke la oss knekke av dette, og vi ville ikke la det gå altfor mye ut over livene våre. Derfor samlet en passe stor forsamling seg likevel til en litt alternativ juleinnsynging i Høre. Det var lagt opp til mye allsang, med flere av de «gode, gamle» julesangene, og noen nyere, eller i hvert fall noen som vi i Vang ikke hadde brukt noe særlig, men som sikkert er kommet for å bli, også i Vang. Høre mannskor stilte med ca 2/3 av mannskapet sitt, ettersom smitten hadde gjort sitt inntog i koret – men de som var tilstede, greide seg fint likevel. Det er noe eget med mannskorsang – det fyller rommet på en fin måte, selv i en kirke med så vanskelig akustikk som i Høre stavkirke. Eskild Kjøs spilte nydelig to stykker på gitar, et instrument som står godt til denne gamle kirken. Aspirantene Hanne og Aline spilte to stykker for messingblåsere, til velfortjent applaus. Konfirmantene Sebastian og Marius deltok som «kirketjenere in spe», med henholdsvis lystenning og

klokkeklang etter velsignelsen.

Men så ble det større endringer i planene. Den etterlengtede konserten til Veronika med venner ble utsatt, juleinnsyngingen i Vang ble amputert, men streamet til glede for mange. Gudstjenestene ble holdt innenfor smittevernreglene, med påmelding på dagene hvor besøket var forventet å være størst. Men det er noe som skurrer her, etter undertegnede mening. Det var tillatt med bare 20 mennesker samlet innendørs, uansett hvor stort lokalet er og hvor planmessig og godt man kan løse de besøkende inn og ut og tilvise dem plasser. Biskopen i Oslo satte veldig tydelig ord på dette i et TV-intervju rett før jul. I Oslo domkirke var det adgangsbegrensning, mens serveringssteder i umiddelbar nærhet kunne ta imot hvor mange som helst, bare de kunne holde tilstrekkelig avstand til hverandre.

Utover ettervinteren er samfunnslivet nærmest normalisert og vi har fått frie tøyler. Men den nye, store tragedien er den pågående krigen i Ukraina. Et fredelig land som ønsket å bestemme sin egen fremtid selv, er invadert av sin store, mektige nabo. Og to folk lider, begge over militære tap og Ukraina i tillegg over sivile tap og store ødeleggelser. Flere millioner legger på flukt, og også asylmottaket i Vang blir fylt igjen. Og midt i dette må vi huske at den jevne russer er ikke skyldig i denne krigen!



Eskild Kjøs

Både ukrainere og russere i Norge trenger vår støtte og omsorg nå.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne



Vangskoret synger på solidaritetskonsert i Tingnes kirke

Aktivitetsdag

for konfirmantane på VBU

Også i år vart HEKTA-leiren avlyst pga. korona og smittefare. Alle involverte var leie for det. Men på konfirmant-for-eldremøte var det masse initiativ, og på 1-2-3 hadde me som var der, laga ein aktivitetslaurdag saman for konfirman-tane.

Me hadde miniatyrskyting, klatring, bading, mat, fritid og film, og innimel- lom øktene vart det sanneleg tid til litt konfirmantundervisning også. Då klok- ka var litt over 23 på laurdagskvelden var alle ungdommane henta, då hadde me vore saman sidan kl 12.

Takk for flott samarbeid med ein posi- tiv foreldregjeng!

Tekst og foto:

Ingebjørg Laugaland, sokneprest



Konfirmantar i Vang 2022

Øye kyrkje 4. juni, pinseaftan

Sina Sofia Eltun
Sondre Steile Hovi
Kristina Kislaja
Nathaniel Noguchi Kjørlien

Vang kyrkje 5. juni, pinsedag

Noah Tveit Berge
Hannah Johansen Grøv
Mikkel Hermundstad Hovi
Marlene Wangenstein Jægersborg
Even Sandsengen Neshagen

Heensåsen kyrkje, lørdag 11. juni

Ronja Angelina Havro Grube

Høre kyrkje, søndag 12. juni

Marius Hålien
Sebastian Kvale
Pernille Langedrag
Torjus Tørstad

Dåpskjoleutstilling

på husflidsdagen på Åsvang 11. september 2021

I mange år arrangerte Vang husflidslag, i samarbeid med Kirsten og Jørgen Kvam, husflidsdag i Gamle Kvam.

Sist haust vart dagen for fyrste gong lagt til Åsvang, med om lag 20 stasjonar inne og ute, med sal og demonstrasjonar. Ofte har det vore ei utstilling på denne dagen som til dømes strikkajakker, vottar og kjolesaum. Denne gongen falt valet på dåpskjolar, og omlag 30 dåpskjolar vart samla inn og stilt ut. Dåpskjolen slik me kjenner den i dag, har vore vanleg i bruk i om lag 150 år. I kyrkja er kvitt farge for glede, fest og reinheit, difor er dei fleste dåpskjolane kvite. Lengda på kjolen skal understreke at barnet skal vekse med sin tru og tvil. Denne moten kom fyrst til byane og spreidde seg sidan utover bygdene, oppover dalar og innover fjordar. Dåpsbkleddingen før dette var ofte omsyddede stasplagg med sterke fargar og mønster, til dømes dåpsposar. Dåpsbarnet kunne også vera reiva, altså svøpt i tepper som var festa med lange band surra rundt barnet. Den gongen barnet vart reiva, var dåpslua eit viktig plagg, ho skulle symbolisere at barnet var beskytta av Gud.

Det var stor interesse for å låne bort og vise fram familien sin dåpskjol, og om lag 30 kjolar, med tilhøyrande dåpsluer, vart vist fram på Åsvang denne dagen. Kjolar frå fyrst på 1900-talet til innpå 2000-talet, ei periode på om lag 100 år! Alle kjolar med forskjellig uttrykk, men laga «over same leist», med stor variasjon i stoff og forskjellig dekor med band, blonder og broderi. Dei eldste



kjolane er sauma, men i seinare tid ser me også teknikkar som strikking, hekling og filering. Det varierer mykje kor mykje kunnskap kvar og ein har om dei eldste kjolane, kven som har sydd dei, kvar stoffet kjem frå og kven som har brukt dåpskjolen. Men fleire har samla saman den kunnskapen dei har og skreve han ned i ei bok som fylgjer med kjolen. Det er også fleire som broderer dåpsbarnet sitt namn på kjolen saman med dato for dåpen.

Det var stor interesse for denne flotte utstillinga på husflidsdagen. Kjolan vart beundra, studert og kommentert! Vang husflidslag vil takke alle som villig lånte bort familien sin dåpskjol til oss!

Vang husflidslag v/Kari Hagaseth



Rapport frå Vang kulturskule

Vang kulturskule er glad for at vi no har hatt ei fin stor avslutning til jul, der vi fekk samla alle våre støttespelarar. Kjekt var det og at vår nye etatsleiar, Marta Bjørnøy Lalim, ville vere med som konferansier.

Vi føler nok likevel at me har hatt ei dårleg periode under Covid-19. Det har vore vanskeleg å få den gode kontakten med eleven vår, og vi har diverre hatt nedgang i søknad til vår kulturskule. Men, vi ser lyst på framtida. Vi meiner vi har mange gode fagtilbod, og eg vil tru at ein foldar om kulturskulen ligg ved dette menighetsbladet.

Vi har ei stor breidde av fag frå dans, barnekor, hardingfele, piano, teater til kunstfag. Vi kjem til hausten til å ha eit kurs i **Kunstverkstad** i Høre samfunns- hus, her vil Ingvild Oldre Heggom vera lærar. Ho har tidlegare hatt dette kurset på VBU, men vi freistar no å tilby regionen Høre dette kurset. Det er mest av måling og teikning, men frå hausten vil vi og freiste med spray. Meld dykk på dette kurset som går i Høre!! Ingvild har masterutdanning i design, kunst og handverk frå Universitetet i Sørøst-Norge.

Nytt i år er at vi får eit fag som heiter **Kulturteknologi**, her vil Dominik Schmidt-Phillip vera lærar. Han har mellom anna utdanning i faget «Music production and recording» frå Universitetet i Stavanger. Stikkord her er opptak av musikk, straum, spenning, lyd og leik. Dominik er allsidig og spelar både gitar, piano og bass.

Vi har og med oss Victoria Ose som teaterlærar, ho er utdanna på Kunsthøgskolen i Oslo der ho var ferdig våren 2019. Victoria er freelance skodespelar, men me er glade for at ho har takka ja til ha prosjektbasert **teaterundervisning** i Vang kulturskule. Teatergruppa held til i lokalane på Åsvang. Victoria har for tida vore med i ein serie som nettflix skal sende til hausten. Følg med, følg med.

Oppfinnarklubben er eit nytt tilbod i kulturskulen i samarbeid mellom Vang Kulturskule, Vestre Slidre kulturskule og Skaperkraft Valdres, og går føre seg i Jokerspace i Ryfoss. Skulebussane frå Slidre og Vang snur begge rett utanfor døra. Oppfinnarklubben er ein stad der du kan finne opp ting heilt sjølv eller du kan lage noko som liknar på noko andre har laga. Av ting som er laga på Jokerspace tidlegare spenner produksjonen frå dørskilt og T-skjortedesign til musikkinstrument, droner og godterikatapult. Noko du lager har kanskje fokus på utsjånad – til dømes eit skilt eller ein stol. Andre ting har kanskje fokus på korleis det fungerer – til dømes ein robot eller ein reservedel.

Eg har eit ønske om at de tek ein kikk i vedlagte foldar frå Vang kulturskule, der vi syner fram tilbod på dans, piano, teater med meir. Nytt i år er **Rytmisk samspel** med Silje Helland og Dag Inge Bruflot som lærarar. Vi vonar at dette kurset kan fenge våre yngre i Vang. Om det er noko du lurar på, ta kontakt med rektor Oddbjørn Skeie på Vang kommunehus.

Oddbjørn Skeie



Leve heile livet – kva meiner du om samfunnsutviklinga i Vang?

Vang kommune har etablert ei prosjektgruppe som jobbar med prosjektet Leve heile livet. Dette er ein kvalitetsreform for eldre, som handlar om korleis vi kan utvikle helse- og omsorgstenesta og skape eit meir aldersvenleg og bærekraftig samfunn.

Reformen består av fem hovudelement;

- Samanheng i tenestene
- Aldersvenleg Noreg
- Mat og måltider
- Aktivitet og fellesskap
- Helsehjelp.

Målet er å bidra til at eldre kan meistre livet lenger og ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei treng det og pårørande kan bidra utan at dei blir utslitte. Prosjektgruppa er breitt samansett, med representantar frå teknisk sektor, helsesektor, frisklivskoordinator, frivillig-

sentralen og eldrerådet. Det er og med politisk valde representantar. Kommunestyret vedtok ein handlingsplan for prosjektet i november 2021. Denne planen jobbar vi etter i 2022. Vi planlegger eit samarbeid mellom kommune, innbyggjarar og privat næringsliv. I fase 2 av prosjektet skal vi kartlegge kva meiningar og behov seniorane i Vang har, knytt til dei fem satsingsområda.

I løpet av våren ynskjer vi å kome i dialog med seniorane, gjennom ulike tiltak som vi håpar gjer det lettare for alle å kome fram med eigne ynskjer, behov og meiningar.

Vi planlegg å lage små gjestebod, med eigne vertar, der vi håpar å få tilbagemeldingar knytt til dei ulike satsingsområda. Meir informasjon knytt til desse kjem etter kvart. Hald utkikk

etter plakatar eller informasjonsskriv. I desse gjesteboda er vi svært interessert i å høyre kva du er oppteken av, korleis du ser for deg framtida di i Vang og kva du tenkjer, skal til for at du framleis skal leve eit så godt liv som mogleg, sjølv om du skulle bli råka av sjukdom eller berre generell aldring.

Korleis ser du for deg at du kan halde fram med dei aktivitetane og gjeremåla du har i livet ditt dersom det blir endringar i livssituasjonen din? Vi ser fram til å høyre frå deg!

Prosjektleiari er Joanke Tito. Ta gjerne kontakt med henne dersom du har noko å bidra med, på tlf. 95404279 eller epost joanke.tito@vang.kommune.no

Aktive saman

Prosjektet Aktive saman er komen nokre steg vidare i prosessen. Grunnmuren, som er fyste trinnet i arbeidsmetoden, er stadig under arbeid. Men etter kvart er også steget tatt opp i trinn 1, 2, 3 og 4.

Grunnmuren:

Det er på plass ei arbeidsgruppe der eldrerådet, læringscenteret, skulen, helse, frivillige lag og ungdomsrådet er representert. Vi har hatt to møter og det tredje blir før påske.

Prosjektleiari Inger Kongslie Tveit har vore ute i Vangssamfunnet og i ulike utval og informert om prosjektet. Skulen er ein viktig samarbeidspartner og svært positive til dette, og både lærarar, administrasjon og foreldre har fått informasjon.

Trinn 1-4:

Vi har barn i Vang som ikkje har noko å gjere på fritida, men som ynskjer ein fritidsaktivitet. Vi har foreldre som ynskjer at barnet deira skal delta, men som ikkje klarer få det til åleine, av ulike årsaker. Møter med foreldre og barn er i gang, og neste steg blir å bli kjend med ein frivillig.

Men vi kan hjelpe fleire. Det er berre å ta kontakt! Er du forelder, kan du gå via skulen/kontaktlærar om det kan kjennast lettare, men ta gjerne direkte kontakt med Inger.

I arbeidsmetoden er det koplinga av barnet/familien mot ein senior, som er målet. Dei som er komne dit i livet at dei sit med stor livserfaring, har betre tid og fortsatt er svært viktige for vangs-samfunnet med sine ressursar – dei ynskjer vi kontakt med.


Det å melde seg som frivillig er ofte eit steg å ta. Mange synes at det er utfordrande å binde seg, miste eigentid, ha noko over seg. Men det er DU som bestemmer akkurat det: kor mykje, kor lenge, kor ofte....

Gevinsten med å vere frivillig er at ein føler

seg verdsett, til nytte, møter nye folk, kjenner på ein meir aktiv kvardag. Og ikkje minst verdien det er å gje eit barn litt av tida si, slik at barnet og familien får vore med i Vangssamfunnet dei og! Inger når du på telefon 971 44 191, eller inger.kongslie.tveit@vang.kommune.no

Tekst: Inger K. Tveit

Illustrasjon: aktivesammen.no



10. trinn på segltur med Svanen

Det er etter kvart vorte ein fast tradisjon at 10. trinn ved VBU reiser på ei veka segltur i Oslofjorden i starten av skuleåret. Førre års avgangselevar var uheldige og fekk ikkje reist på grunn av korona, men årets elevar brukte den første veka attende på skulen – på sjøen.

Om Svanen og ruta i Oslofjorden

Skuta er ein slettoppa skonnert som vart bygd i 1916 og har ei rik historie bak seg. Svanen, som ho heiter, vart bygd i 1916 – er nesten 100 fot lang og 23 fot brei. Fot, styrbord, babord, bysse og akter er nokre av dei maritime uttrykka som elevane i løpet av reisa skulle lære seg. Ruta elevane skal vere med å segle, er sjeldan satt før ein faktisk kjem om bord, sidan ein tek høgde for ulikt ver. Denne gongen var elevane relativt sett heldige, og sjølv innlandskrabber som oss klarte oss utan å bli for sjuke.

Om bord i båten fekk elevane tilvist sengeplass under dekk. Nokre av elevane fekk sove i senger, medan andre sov i hengekøyer. Klart, å kalle det senger er kanskje litt som å kalle ei firfisle for ein stor og skummel drage, men når ein krølla seg saman gjekk det stort sett greitt.

Oslo – Horten – Sandefjord – Stavern – Drøbak

Elevane var framme i Oslo midt på dagen måndag og helste da på personalet om bord på båten. Inkludert kapteinen møtte vi åtte arbeidarar, der halvparten var under opplæring. På vegen til Horten fekk vi lære om ulike uttrykk, og elevane vart delt inn i arbeidslag med ulike ansvarsområde. Nokre av elevane var framme i baugen og speida etter moglege hindringar, andre hjelpte til i byssa, medan atter andre kveila tau og hadde nattevakt.

Den første dagen kom vi fram til Horten. Her vitja vi sjøfartsmuseet og fekk mellom anna sjå korleis ein u-båt ser ut frå innsida. Vi vart også fortalt at 1814's viktigaste hending i Noreg ikkje nødvendigvis var at vi fekk eigen grunnlov, men kva det faktisk var har vi gløymd. Kanskje det var noko med flagget?

På dag to reiste vi vidare frå Horten til Sandefjord. På vegen sørover reiste vi «innaskjærs», slik at vi fekk sjå så mykje



vi kunne av naturen – og også hadde så roleg sjø som mogleg. I Sandefjord sette vi krabbeteiner, men fekk korkje her eller nokon annan stad anna enn makrell i tomat i teina (og den skulle liksom vere agn?). I Sandefjord rakk vi også å spele ei uhøgtideleg minigolf-konkurranse.

Frå Sandefjord gjekk ferda vidare til Stavern. Denne dagen var vi spesielt heldige med veret, og vi grilla og bada i ei slags privat bukt. Nokre av lærarane og elevane gav ikkje opp å finne krabber og vart med på ein liten ekskursjon på leit

etter denne delikatessa frå havet, men til inga nytte. Det var likevel kjekt å få prøvd snorkling og lysing etter krabber.

Den siste destinasjonen før returen til Oslo var Oscarsborg festning. Det var denne borgen som i 1940 senka den tyske båten Blücher, og som markerte starten på den andre verdskrigen her i Noreg. Vi fekk guida tur av ein pensjonert orlogskaptein, som fortalde oss om dei ulike kanonane, og om kor viktige plasseringa av Oscarsborg i Oslofjorden var.



Heising av segl



Alt i alt hadde vi ei veldig fin reise, og ser på oss sjølv som svært heldige som får lov til å oppleve korleis livet på sjøen kan vere. Sjølv etter berre fem dagar merker ein at det skal ein del tilpassing til, og kanskje var vi litt ekstra takknemlege for å sove i eiga seng etter å ha kome attende til Vang.

Tekst: Haakon Wahlquist
Foto: Kjersti Wangensteen Grøv

2.-dagar og andre søndagar

Frå tid til annan hender det at folk som bryr seg om kyrkja i Vang, kontaktar oss via Facebook. Ein av desse sakna 2.-dags-gudstenestene: 2. juledag, 2. påskedag og 2. pinse-dag. *Kyrkja sine dagar* – så kvifor ikkje gudsteneste?

Me tok opp dette og liknande spørsmål då biskopen var hjå oss – for det handlar om å vere ei kyrkje for folket, der og når me trengst.

Statistikken viser at 2.-dagane har hatt svært lite oppmøte. For å få opp besøksalet prøvde me – i tre år – å ha trusopplæringstiltak knytt til desse messene. Me var i Øye ved og i stavkyrkja til pinse og i Høre på 2. påskedag. Me held fast på at dette var vellukka for dei som kom, men me var få.

Så korleis vere ei kyrkje for folket der og når me trengst? Det ser ikkje ut til å vere på 2.-dagane i alle fall, men kanskje heller på påskelunsj på Langfredag på Filefjell. Der er oppmøtet svært godt, og mange kommenterer at dei set pris på denne gudstenesta ute.

Biskopen vår var klar på at samfunnet endrar seg og at det er kyrkja si oppgåve å møte endringane, heller enn å kritisere dei. Ho brukte 1. juledag som døme: Mange har slutta å komme til gudsteneste 1. juledag, sjølv om dei vaks opp med denne dagen som fast dag med familien på gudsteneste. No vil heller familiane samlast i kyrkja på julafta. Statistikken for sokna i Vang stadfestar denne trenden. Øye, Høre og Heensåsen har svært godt oppmøte på julafta, medan Vang har eit relativt lite oppmøte på 1. juledag.

For å nå målsetjinga om å vere ei kyrkje for folket der og når me trengst, prøver me i år – på 1. påskedag – å halde kyrkja i Vang open frå kl. 09.00 påskemorgon og fram til påskedagsmessa kl. 11.00. Då kan alle som vil komme til kyrkjerommet eller kyrkjegarden, bli med presten på personleg tilrettelagt påskevandring. Eller om du heller ønsker å berre vere i kyrkja, tenne lys, takke, be, eller syngje ei påskesalme, før du skal ut på påsketur.

Ingebjørg Vik Laugaland



Utsyn frå Fjellbu. Foto: Oddvin Allmenning

Kulturminne: Visste du om desse? ... no er dei borte! Del 3

Med vegarbeidet som pågår på E16 no, blir det borte mykje av terrenget vi kjenner. Deriblant forsvinn også kulturminne. Frå Vangsnes og i båe retningar er det fleire.



Dokken-huset

Dokken-huset, det store kvite huset i innsvingen ved Vangsnes, vart rive på vårparten i 2021, innhenta av vegutbetringa gjennom Kleive ved Vangsnes. Ein telefon til Harald Olav Jevne gav resultat, samt Gardar og Slektar i Vang B s 497-98. Harald Olav har hatt kontakt med ein etterkomar av Dokken, som bur i Frankrike.

Vangsnes, huset til Olav Johan og Elisabeth Øraker, er nykkjelen til det heile. Det vart bygd ca 1880. Torgeir Reiarsson Jøvne bygde huset og dreiv handel der samen med Nils Rogn. Frå 1884 dreiv Torgeir både hotell og handel åleine og leigde då tomte av Nils Rogn. I 1896 selde Torgeir både handel og hotell til Jens Kr. Hoel, som var eigar fram til 1904. Knut Bottolvsson Dokken, frå Gol, leigde ei tid Vangsnes av Hoel og dreiv sjølv handel, medan Boie Thorpe dreiv hotelldrifta. Knut vart gift i 1898 med Ingebjørg Knutsdotter Helle. Knut bygde etter kvart hus – Dokken-huset – rett over vegen for Vangsnes og dreiv handel der til ca 1920. Så langt bygdeboka.

Harald Olav fortel: Dokken-huset var bygd i 1900. Etter kvart overtok sonen Ragnvald Dokken og kona Anna huset



og hadde sommargjester der, og vinterstid utleige av rom. M.a. budde mange av elevane frå Høresbygden og frå Vang der da framhaldskula var i Thorpe. Dokken-huset var og ein samlingsplass i bygda. T.d. kortspel, som det var mykje av den tida, føregjekk ofte her.



Solvang

På Kvismoen låg Solvang – eit anna kulturminne som vart brent allereie i 2014 i samband med utbetring av E16. Anna Karine Egebrokk bygde Solvang i 1922 for å drive pensjonat der. Ho var pinsevenn og heldt m.a. «lesarmøto» på Solvang. Anna Karines barnebarn Arly Lund voks delvis opp på Solvang og overtok etter kvart bygningen. Arly var også pinsevenn, og saman med kona si, Ragnhild, heldt han fram den religiøse aktiviteten på Solvang, i tillegg til at han reiste som emissær. Ragnhild var difor mykje aleine på Solvang, og ho byrja samle jentene i grenda til songøvingar. Det vart tre «stjernekor» etter kvarandre, der jentene song og spelte gitar til, og i kvart kor var det ei som spelte trekkspel, av og til også mandolin eller triangel. Ragnhild var opptatt av at jentene skulle få eit godt kristent fundament i livet sitt, og framleis er det mange jenter som ser attende på tida i Stjernekorret med glede. Ragnhild hadde også ei musikkgruppe for vaksne damer, med gitarspel og song. Slik vart Solvang både eit religiøst sentrum og eit kultursentrum i bygda. Men Ragnhild var ei driftig dame og hadde fleire jern i elden, både som medlem i barnevernet og med forretningsdrift: Ho hadde kiosk på Solvang, ho dreiv kennel og ho leidde ein foreining som prøvde å skaffe pengar til sjukehus i Valdres. Og ho og Arly hadde sikkert planar om meir verksemd, for dei skaffa ei tomt vis a vis Kvismo sag – kanskje med tanke på å bygge forsamlingshus?

Tekst: Ivar Hemsing og Sidsel Offergaard Jevne

Foto: Nils Rogn og Sidsel Offergaard Jevne

Redaksjonen
ynskjer
alle lesarar
God påske!





Verdifulle innspel

Vang kommune fekk mange gode innspel til vidare arbeid etter innbyggjarundersøkinga tidlegare i vinter.

Tidlegare i vinter gjennomførte Vang kommune i samarbeid med Distrikts-senteret ei innbyggjarundersøking om framtidens Vang, eit livskraftig lokal-samfunn. Her skulle alle innbyggjarar få moglegheiten til å seie akkurat kva dei meiner, basert på eigne tankar og erfaringar.

No er resultatane frå undersøkinga klare. Totalt 319 personar gjennomførte heile undersøkinga og 128 som svarte på delar av den. Resultatane gjev mykje nyttig informasjon om kva innbyggjarane meiner er viktig for å skape livskraftige lokalsamfunn i framtida.

Ein gylden moglegheit

Ordførar Vidar Eltun er svært nøgd med at så mange har engasjert seg i undersøkinga, og fortel at dette var ei gylden moglegheit frå Distrikts-senteret til å få sett fokus på kommunen si forståing for, og arbeid med berekraftig utvikling.

- Me har vorte sett av Distrikts-senteret og me har sett dei, både via jobb som Innovangsjon har gjort, men også elles i kommunen. Det er viktig å kjenne til kvarande og finne ut kva Distrikts-senteret kan bidra med for Vang, og me kan bidra med for dei, seier Eltun. Han fortel at undersøkinga kan nyttast i kommunalt planarbeid, til debatt i administrasjonen og politiske fora, som eit grunnlag for den vidare utviklinga i Vang.

- Og kanskje aller mest for å få med stemma til flest mogleg innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar inn i dette arbeidet. Oppslutninga her i Vang var stor kring denne spørjeundersøkinga, iallfall målt med dei andre kommunane som deltok, seier Eltun.

- Vang har lyst til å vere på og jobbe framtidensretta. Fylkeskommunen er også med på dette og den dialogen er også svært viktig å ha, legg han til.

Brukar tid på å setje seg inn i svara

Etter ei slik omfattande undersøking skal kommuna bruke tid på å setje seg ordentlig inn i svara, og har blant anna invitert Distrikts-senteret til kommune-



styret for å legge fram fleire av resultatane frå undersøkinga. Eltun fortel at det er komen mange positive moment, blant anna har veldig mange svart at dei svært gjerne vil bu i Vang i framtida, dei set stor pris på naturen og mange vil bidra i frivillig arbeid. - Så ser ein også at Vang er veldig delt på mange spørsmål, blant anna når det gjeld vidare hytteutbygging, motorferdsel i utmark, forståing av omgrepet bærekraft. Men det syner også noko av styrken til Vang meiner eg. Mangfaldet, seier ordføraren.

Ulike meiningar

Gjennom dei opne svara har kommuna fått mange spennande svar og Eltun seier at mykje av svara var forventane, og at det er ulike meiningar om korleis ein best kan nytte naturen framover for å sikre bærekraft. I tillegg er det utruleg positivt at så mange vil bidra for å få til aktivitet i lokalsamfunnet.

- Så ser ein at nokre meiner dei har for lite dei skulle ha sagt i planprosessar, at leiarane i kommunen må gjere enno meir for at alle skal føle seg sett og verdsett i Vang. Me kan bli betre på mange felt, men alt i alt tolkar eg at dei aller fleste trivst og har det bra i Vang, smiler Eltun.

Vidare no vil kommuna legge ut resultatane frå undersøkinga på heimeside og Facebook, i tillegg til å nytte Innovangsjon og aviser for å spreie informasjonen.

- I det vidare planarbeidet til kommunen blir det viktig å sjå til undersøkinga. Og sjølvsagt bør dette kunne nyttast når dei politiske partia skal i gang med nye program fram mot kommunevalet 2023, seier ordføraren.

Ida Nordland Hillestad
Innovangsjon

MESTEREN

Tider er gått over jorden
Slekter er sunket i kne
Men enda steiler i mørket
Korsets gustne tre
Hvem skjønnte hva mesteren
mente?
Hvem er det som enda forstår
Ropet over en avgrunn
På nitten hundre år?
Gikk hans ensomme stemme
Menneskets øre forbi?
Kunne han tale til oss,
ville han kanskje si:
«Det går to veier på jorden,
gledens og smertens vei.
Dere skal velge den første
Den andre valgte jeg.
Mange har gått den før meg.
Mange har segnet i stønn.
Jeg ville være den SISTE
lidende menneskesønn.
Skapningens tidløse jammer
Skulle forløses i MEG.
Jeg ville rope til verden:
Gå ikke denne vei!
Følg ikke lidelsens linje
gjennom din levende dag
Lær av min tornekrone!
Lær av mitt nederlag!
Enhver som går i mitt fotspor
skal pinselens torner stikke.
Sandelig sier jeg eder:
Mennesker, følg meg ikke!
Slik som jeg levde livet,
slik skal det ikke leves.
Det er mitt eneste budskap,
Og alle har hørt det forgieves!

André Bjerke

Årsmelding Høre sokneråd

Høre Sokneråd har hatt tre fysiske møter og eitt møte på Teams i 2021. I tillegg har vi ei lukka gruppe på Facebook der vi raskt kan dele viktig informasjon og gjere avklaringar. Dette opplever vi som ei god løysing, og reduserer behova for mange fysiske møter. Vi er stort sett fulltallige på møta, og 1.vara møter fast. Det har ikkje vore naudsynt å kalle inn andre varamedlemmer. Arbeidet blir opplevd som meningsfullt og medlemmene i soknerådet deltek og tek ansvar utifrå eigne styrker og interesser i tillegg til det som følger med verva.

Av større saker som soknerådet har arbeidd med er vedlikehald på kyrkjegarden, open kyrkje med omvisning på sumaren og bispevisitasen viktige å nemne. Desse sakene blir og vidareført i 2022.

Høre sokneråd har fått laga nye kondolanskort til kyrkja. Arbeidet vart starta opp i 2020, men korta vart ikkje klare til distribusjon før på nyåret. Sven Ingar Moen har teke bileta som blir brukt på korta.

Når det gjeld arrangement i regi av soknerådet har koronaen gjort det vanskeleg i år også. Vi har likevel hatt dugnad på kyrkjegarden med servering, sjølv om det var lite fram møte grunna for dårleg kunngjering. Vi fekk og på plass nye utebenkar til kyrkjegarden, så det blir mogleg å ta ein kvil eller berre vera tilstade i uterommet ved kyrkja.

Vi har arrangert Solefallsmesse i Hensåsen kyrkje i samarbeid med Hensåsen sokneråd. Messa måtte diverre flyttast inn i år og, grunna sterk vind på Slettejellet. Det vart likevel ei fin messe og ei triveleg stund på kyrkjebakken med deling av kaffe og hardangerlefse og eting av eiga kveldsmatniste. Sola skein over Hensfjellet og vinden tok ikkje på Hensåsen denne kvelden.

Soknerådet var med på møte med biskoppen under visitasen og var representert ved visitasgudstenesta og -foredraget.

Vi hadde i det lengste håp om å kunne arrangere juletreffest att, men koronasituasjonen gjorde at vi ikkje kunne gjennomføre det på ein god måte. I planleggingsfasa var vi innom ulike alternativ for gjennomføring, med både utearrangement på Høre samfunnshus og utekino ved kyrkja som gode alternativ. Diverre let det seg ikkje gjennomføre, noko vi er leie oss for då vi ser kor mykje det betyr å både halde på tradisjonar og skape moglegheiter til samvær på tvers av grender og generasjonar.

Heldigvis kunne vi gjennomføre Vi syng og spelar jula inn i Høre. Det vart ei god stund saman for dei som kom. Det var synd at ikkje dette arrangementet og vart streama, då det var fleire som etterlyste dette.

I samband med Alle Helgensdag var det open kyrkje på ettermiddagen frå

kl. 16.00-18.00. Her var det høve til å kome inn for ei stille stund, tenne eit lys og lytte til orgelmusikk. Det var og høve til ein kopp med kaffe og sjokolade. Det var diverre ingen som kom til dette arrangementet. Det hadde vore messe i Høre på formiddagen, slik at dei fleste truleg hadde vore der.

Det har og vore endringar i staben knytt til Høre sokneråd. Andris Veflen var takka av som kyrkjetenar i april etter «ein mannsalder». Det vart ikkje høve til ei stor markering, men han fekk i allefall ei helsing frå soknerådet levert på døra. Odd Helge Rudi starta opp i jobben samstundes, etter ei lita opplæringsperiode og overlapp med Andris.

Vi fekk og lagt inn wifi i den gamle, ærverdige kyrkja vår i 2021, så no er det eit godt samarbeid mellom det gamle og det nye. Det har vore eit naudsynt tiltak som har bidrege til at folk «over heile verda» har kunne ta del i arrangement i kyrkja, både konfirmasjon og andre hendingar. Å ha denne moglegheita i kyrkja bidreg til å auke tilgjengen til det som skjer i kyrkjerommet, til å dele hendingar utan å vera fysisk til stade og gjere det mogleg å utføra kyrkja sitt arbeid i ei vanskeleg tid som koronapandemien har vore. Likevel; live er alltid best, livestream er ein god nummer to.

Høre 23.01.2022

Hanne-Kjersti Berge, sekretær.

Kvinnernes Internasjonale Bønnedag

I år var Kvinnernes internasjonale bønnedag i Høre kirke. Nytt av året var at soknerådet delegerte dette til frivillige. Ingunn Hommedal og Kristin Bakke Lajord stilte og gjorde kvelden i Høre veldig fin. I og med at vi har en pågående krig i Europa, ble dette også markert. Det ble tent lys og Ingunn leste en bønn for Ukraina.


Hvert år på denne dagen får vi historier fra kvinner i forskjellige land. I år fra England, Wales og Nord Irland. Lina som måtte hjelpe sønnen da han ble alene med barna sine. Natalie som levde med en voldelig ektefelle og hen-

nes vei ut. Emilie som ble døv etter en hjernesvulst.

Ingunn og Kristin hadde fått med seg tre til å lese historiene, Margit Loe, Signe Marit Haugen og Margrete Fagerheim. I tillegg leste May Bendiksen teksten for dagen. Alistair Peters var organist denne kvelden og avsluttet med Ukrainas nasjonalsang. Kirkekaffe ble det også. Kaffe, te og kaker.

Tusen takk til alle som var med og til dem som tok turen denne fredagskvelden til Høre!

Margrete Fagerheim



Kunstner: Angie Fox

Årsmelding Vang sokneråd

Soknerådet har bestått av: Rita Helen Dalemark (leder og medlem av fellesrådet), Chatrine Leine Nøkleby (nestleder og medlem av fellesrådet), Tor Martin Iversen (kasserer), Randi Bang Søndrol (Sekretær), Ivar Jonny Søndrol (1 vara til fellesrådet og ansvarlig for utkjøring av menighetsbladet), Anders Daae Mæland Permisjon grunna utdanning t.o.m 30.07.21. Maria Aaslund, Unni Sandsengen (1. varamedlemfrå. Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland er også medlem av sokneråd og fellesråd. I løpet av året har soknerådet hatt fem møter og behandlet 39 saker.

Dette har vore eit år prega av korona heile året men alle gudstenester har vore gjennomført. Konfirmasjon for 2020-kullet vart og gjennomført i april 2021.

Av kirkelige handlinger har det vært 1 barnedåper som vart halde på Helin, 10 vart konfirmert derav 5 frå 2020-kullet og 5 frå årets kull, 1 vigsel og 7 begravelsar. Det har vært 20 gudstjenester med 588 deltagere på søn- og helligdager og 9 morgonsong med 60 deltagere. Ein av gudstjenestene var stølsmesse på Grøvtølen nede ved osen 1. august. Været var flott og etter messa var det trivelig kaffesamvær. I år fekk me og gjennomført Jaktmessa.

Det har vore mykje att og fram med kor mange som kan delta på gudstenester, så dette er noko me har måtta ta fortløpande gjennom året.

7. mars var det gudsteneste i Vang Kyrkje og etterpå vart det halde årsmøte i kyrkjelyden i kyrkja. Dette vart eit godt årsmøte der det vart drøfta fleire saker.

Fasteaksjonen vart også i år avlyst og det vart ein digital aksjon.

1. juli prøvde me å arrangere konsert med Duo Limo, det var svært dårleg oppmøte på denne konserten og dette vart diverre ei større utgift for soknerådet enn me hadde trudd. Men me har avtale med dei om at dei skal få koma tilbake denne våren om det let seg gjennomføre.

28.09.21 – 03.10.21 hadde me bispevisitas i heile Vang sokn, dette vart nokon flotte dagar og i forkant var det sett ned

ei planleggingsgruppe som gjorde ein framifrå god jobb, og dette vart noko flotte dagar for bygdefolket, ansatte, sokneråd og ikkje minst Biskopen vår. Me fekk gode tilbakemeldingar og fekk så utfordringar som ein skal jobbe med vidare.

Takka være at me har ein sporty sokneprest så har tilbodet om å kunne delta på gudstenester i Vang vore fenomenalt. Ingebjørg starta tidleg med streaming og me fekk mykje gode tilbakemeldingar på dette. For pasientane på Vangshimmen var dette eit stort øyeblikk å kunne få delta på gudstenesta ved å sjå det på TV.

Nokre veker i sommer har det vore åpen kyrkje, detta takket være presten vår som og har fått med seg frivillige til å være med på dette.

Grunna koronasituasjonen har me ikkje kunna arrangere noko konsertar av større grad. Me fekk heller ikkje gjennomført LysVåken med påfølgande juleverkstad neste dag i år heller. Det me arrangerte som eit tilbod for dette var førjulskos ved drengestøga 8. desember, der me tente julegrana, Anne Belsheim leste eit eventyr te borna og det vart servert gløgg og graut til alle

som kom. Det var veldig bra oppmøte, ca 45 personar. Det vart ein veldig hyggelig ettermiddag.

Jula 2021: Skulegudstenestene vart gjennomført i år som ute-gudsteneste. Det var påmelding til høgtidsgudstenestene og dette fungerte veldig bra.

Vang Kyrkje og Høre stavkyrkje hadde i år «Syng jula inn». Me var då inne i ei auke med smitte så denne var det begeistring på, 50 stk.

Vipps vart og innført i kyrkja i 2020, då det ikkje var mogleg å ta imot pengar ved ofring. Me ser at dette har resultert i myke mindre gaver frå ofring. Me fekk i september lov å ha vanleg ofring igjen og det ein ser er at då er ofringa større. Ofring i år har gjort 13133 kr, og 4034 kr til kyrkjelyden. Som me sier dette er vårt bidrag til fellesskapet. Me har valgt å gje offergaver mykje til det lokale.

Dette har vore nok eit spesielt år der ein må ta nye og spesielle bestemmelser fortløpande, men det me har lært er at i ein slik situasjon trør alle til og forståelsen og evna til å omstille seg er stor.

Vang, 12.01.2022
Rita Helen Dalemark, leder

Joletreet ved Drengestøga

Fyrst i desember inviterte trusopp-læringa og soknerådet i Vang te tenning tå joletreet ved Drengestøga. Både yngre og eldre kom for å vera med på denne store hendinga.

Me starta samlinga med å servere risengrynsgraut, noko som fall i smak hjå alle. Deretter samla me oss rundt bålpanna, der varm gløgg og peparkake gjorde godt i ein frøsin skrøtt.

Så vart joletreet tent, te stor jubel blant dei framømte. «Så går vi rundt om en enebærbusk» var ein av fleire sangar me sang, då me gjekk rundt det tente joletreet. Samlinga vart avslutta med forteljninga om «Teskje-



kjerringa på julehandel». Takk te alle framømte for ei triveleg stund ved Drengestøga.

Tekst: Anne Lajord Belsheim
Foto: Ingebjørg Vik Laugaland

Årsmelding Heensåsen sokneråd

2021 vart eit år med mange ulike hendingar. Pandemien har også i år vore eit bakteppe for mange arrangement, men vi har likevel kunna gjennomføre gudstenester, dugnadar og ikkje minst bispevisitas. For Heensåsen sokneråd har ferdigstillinga av messehaklane vore eit stort høgdepunkt. Her må vi takke soknerådet før oss for eit godt samarbeid. Dei sette i gang prosessen, medan vi fekk avslutte han. Bispevisitasen har og vore ein stor hending for både soknet og bygda.

Samansetning av soknerådet

Steinar Frøyen ønskte å trekkje seg som soknerådsleiar i juni-21 og vart etterfulgt av tidlegare 1. varamedlem Ragni Almanning. Elles har soknerådet bestått av Bjørg Berge, nestleiar, Harald Høyme, kasserar og Kristina Heensåsen, sekretær. Unni Flaate Lien har rykka opp som 1. varamedlem. Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland er fast medlem i soknerådet.

Soknerådet ønskjer å takke Steinar Frøyen for hans store engasjement i den perioden han sat som leiar.

Soknerådet har i 2021 hatt 5 soknerådsmøter. Vi har handsama 28 nye saker, samt gjort ferdig eldre saker. I samband med bispevisitasen var Ragni, leiaren, på fleire planleggingsmøte då ho var soknet sin representant for gjennomføringa av bispevisitasen. Under sjølve bispevisitasen stilte heile soknerådet, saman med dei andre sokneråda, på eit dialogmøte med biskopen på Tyinkryset.

Gudstenester og andre kyrkjelege arrangement

Heensåsen sokneråd har hatt 8 gudstenester på sundagar og heilagdaggar, med totalt 173 deltakarar. Det har vore 6 gudstenester utanom sundagar og heilagdaggar, med 163 deltakarar. Vi planla også i år å ha ei solefallsmesse saman med Høre sokneråd. I år og vart veret for hardt til å kunne gjennomføre oppe på Slettefjellet. Vi håpar veldig på at dette snart skal vere noko vi kan gjennomføre. I kyrkja vår har det og vore arrangert 8 bibellesingskveldar. Dette er eit lågterskeltilbod for alle som vil lytte eller delta med lesing.

Viktige saksar som har blitt handsama
Ei sak som har gått føre seg over fleire

år, vart dette året avslutta. Dette gjeldt messehaklane. To flotte haklar heng no i kyrkja, og dei vert tekne fram ved kvar messe så alle kan få sjå dei. Ein flott tornekrans vart òg laga. Prosjektet har vore ein lang prosess, men vi er særst nøgde med resultatet. Rekninga kom likevel på ei ugunstig tid. Inntektene til soknet har over to år no vore særst mykje mindre enn normalt. Dette kjem av tapte offerinntekter i messer som ikkje har blitt gjennomført, eller har blitt gjennomført med færre til stades. Soknerådet har hatt store utgifter knytt til dei nye messehaklane og har måtta ta opp eit privat lån for å få betalt messehaklane og tornekransen. Etter søknad fekk soknerådet bidrag både frå formannskapet og menighetsbladet, slik at vi no er ferdige med all gjeld. Soknerådet har vedteke at vi framover skal styrke økonomien i soknerådet slik at det nye soknerådet ikkje vil kome til tom kasse.

Bispevisitasen

Vi reknar heile visitasen som eit samarbeidsprosjekt mellom sokna. Evalueringa vi og soknepresten gjorde i etterkant av visitasen, syner at det aller meste har gått smertefritt føre seg. Vi på Heensåsen vil spesielt trekke fram samtalen mellom biskopen og Hilde Havro i Heensåsen kyrkje om kvelden onsdag 29.09. Soknepresten styrte samtalen med stødig hand, og kyrkjerommet var lunt og godt å vere i. Vi på Heensåsen er særst nøgde med dette arrangementet. Vi takkar planleggingsgruppa for eit mangfaldig og godt program på denne visitasen. Ragni, som var Heensåsen sin representant, får sjølv sagt ein ekstra takk frå oss. Både Heensåsen og resten av bygda fekk vist seg fram på ein god måte, og vi fekk alle moglegheit til å kome med innspel til biskopen om både utfordringar og moglegheiter.

Etter gode samtaler med biskopen vil ho utfordre oss til å jobbe med desse sakene framover:

- Kva er eit sokneråd og kva er ein friviljug? Desse rollane eller omgrepa vert ofte blanda.
- Skape ei felles forståing av kva eit sokneråd gjer, og kva friviljuge knytt til sokneråda gjer.
- Kanskje eitt felles sokneråd, men friviljuge knytt til kvar krins ville vore ei løysing?

Dugnadar

12. mai hadde vi ein dugnad med raking og pynting rundt kyrkja og på kyrkjegarden. Dagane i førevegen måla Harald Høyme og Håkon Berge stallen som ligg ved oppkøyringa til kyrkja. Den var godt slitt av veret og vinden og trengte litt omsorg.

Sluttord

2021 vart eit år med flotte hendingar, ferdigstilling av messehaklane, omveltingar i styret og nokre økonomiske utfordringar. Men det vart og eit år for å vere positiv, takksam og løysingsorientert. Løysingsorientert i samband med å løyse opp i økonomien, takkemd for hjelp både frå kommunen og menighetsbladet, og positivitet i alt det viktige arbeidet som vert gjort i og rundt kyrkja. Vi vil takke alle som jobbar for at det skal vere godt å kome til kyrkja vår.

Kristina Heensåsen, Sekretær



Vi les Bibelen saman

Vi inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med.

Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje. Til slutt ber vi Fadervår. Samlinga varer ein snau time. Komande samlingar blir kl. 18.00 den 3. april, 8. mai og 12. juni

Velkomen!

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE

23. MAI

Årsmelding Øye sokneråd

Samansetning av soknerådet

Frå 1. januar 2021 var Torild Øye leder og sekretær i Øye Sokneråd, og medlem i fellesrådet. Nils Torstein Hermundstad nestleder, og medlem i fellesrådet. Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland medlem og medlem i fellesrådet. Siv Vestrheim kasserer. Jan Einar Hansen styremedlem. Og Geir Tveit første vara. Vi har hatt 2 møter, og behandla 14 saker. Vi har og kommunisert en del på e-post og facebookgruppa vår, p.g.a. smittevern.

Den 6. februar vart Samefolkets dag feira for 17. gang i Øye. Denne gangen valgte vi å feire de på Tyinkrysset Fjellstue, av hensyn til smittevern. Det var laget til flott alter ute, hvor Ingebjørg og Carl Philip hadde gudstjeneste. Sameflagget var heist til topps. Og inne venta varm reinsdyrsuppe og brød som vi kunne kjøpe.

I april 2021 var det konfirmasjon i Øye kirke for dei som skulle blitt konfirmert i 2020, den hadde blitt utsatt på grunn

av korona. Og i juni var det konfirmasjon for 2021-kullet.

Den 23. juni var de gudstjeneste i Øye Stavkirke. Vi var spente på om vi kunne ha den åpen i sommer med guide, p.g.a. smittevern, og om vår guide Gudrun fikk kommet til Norge. Men det ordna seg til slutt. Gudrun kom og kirken var åpen fra 2. juli til 15. august. Øye Stavkirke er og blitt medlem av Visit Kongeveggen, og er i deres bookingsystem.

St Tomas kirken vart 50 år i sommer. Det var lagt opp til utendørs arrangement. Men på grunn av været var deler av arrangementet inne i kirken. Messa var ved sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, som også døpte Oliver. Jubileet samla biskop Solveig Fiske, prost Carl Phillip Weisser, vår egen sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland og sokneprestene Wenche Lie Lysne og Olav Nese fra Årdal og Gunnar Eldevik fra Lærdal. Organist Artur Budvytis spilte Tomasklukkelaetten. Sigrid Nystuen gikk fremst med korset. Og Jørgen Andrison

Kvam spilte til inngang og utgangspresisjon. Etter messa var det kirkekaffe og kringle ved Øye, Lærdal og Årdal sokneråd. Økonils solgte rømmegrøt, spekemat, burgere med meir.

Nils Torstein Hermundstad har laga større port ved kirka, så nå går de an å brøyte heilt inn til kirka med traktor. Det er vi glad for.

Tysdag 28. september-torsdag 30. september, og søndag 3. oktober visiterte biskop Solveig Fiske i Vang. Ho hadde messe i Øye Stavkirke og Øye kirke. Det syns vi var hyggelig og fint.

Vi venter på en som skal komme og reparere orgelet i Øye Kirke, vi håpet at han hadde kommet i 2021.

Ellers følger vi spent med på det som skjer på Øyebakken, og gleder oss til det blir ferdig.

**Torild Øye
Leder og sekretær**



Foto: Ivar Hagerup

Årets fasteaksjon

Tøff fremtid for Tiya (14)

Hun er ikke vanskelig å få øye på, der hun går over jordene i landsbyen Dama i Malawi. Høyreist og flott, med mote-riktige klær og rosa spenne i håret. Smilet sitter løst, og hun har akkurat hørt på musikk i skyggen av et tre sammen med venninnene Justina og Cathleen.

For kort tid siden var det lite som skilte Tiyankhulenji Richard fra ungdommer flest, men det har brått snudd.

Barneekteskap har økt

Tiyankhulenji Richard bor i en liten landsby uten strøm eller rent vann. I et land som er rangert som et av verdens verste land når det kommer til ulikhet mellom kjønn. Et land med høy andel barneekteskap og skadelige skikker. Under pandemien har antall barneekteskap i Malawi økt fra mellom tolv til femti prosent flere steder.

Når jenter dropper ut av skolen, blir de ofte giftet bort fordi foreldrene ikke har råd til å ha dem hjemme.

Tiya, som hun kalles blant venner, vil aller helst gå på skolen.

– Jeg er så glad i å lese bøker på språket mitt, chichewa, men når jeg ikke går på skolen så er ikke det så lett. Familien min har ikke råd til å sende meg til



Drømmen om utdanning og legestudier brast for forten år gamle Tiyankhulenji Richard. Familien hennes har ikke lenger råd til skolebøker, uniform eller eksamensavgift.

stedet for å gjøre lekser, vasker jeg huset, lager mat, henter vann, vasker opp og vasker klær, sier hun stille.

Tiya er et av åtte barn, og familien har det trangt økonomisk. Det de tjener på mais er langt fra nok til å betale ungdomsskolen.

Uhygienisk vann

Aller helst vil hun bare ha samme muligheten som venninnene sine, være og ung og bruke tiden på skolen og skravling med venninner.

– Vi snakker mye om jenteting, mer vil jeg ikke si, fniser hun.

Kirkens Nødhjelp skal bygge en førskole i Dama, da vil det også bli bygd en brønn. Prosjektet er del av et større samarbeid med Utviklingsfondet og NMBU, finansiert av norske myndigheter.

– Jeg liker ikke at vi må hente vann i elva. Det er så lite hygienisk. Spesielt når den tørker opp, avslutter Tiya.

*Av Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland*

Du kan bidra til at menneske i nød får tilgang til reint vatn. Enten nøda er forårsaka av tørken i Malawi, krisa i Afghanistan eller krigen i Ukraina.

Les meir på fasteaksjonen.no



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

DET ER HÅP I EIN DROPE VATN

VIPPS til 2426

Årets fasteaksjon: 3. – 5. april 2022

Kirkens Nødhjelp markerer 75-års jubileum i 2022, med håp som overordnet tematikk. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er en viktig del av markeringen, og har fått tittelen «Håp i en dråpe vann».

Det er krig i Ukraina, hundretusener er på flukt og en alvorlig humanitær krise utvikler seg. Kirkens Nødhjelp med søsterorganisasjoner var raskt på plass med akutt nødhjelp som rent vann, mat, tepper og hygieneartikler til flyktingene.

Kirkens Nødhjelp utfører arbeid på vegne av kirkene i Norge. Vi skal redde liv og kreve rettferdighet, og vi jobber både med nødhjelp i krisesituasjoner i tillegg til langsiktig arbeid. Pengene som samles inn

i fastetiden går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden. Dette gir oss mulighet til å raskt mobilisere når kriser oppstår, slik som vi nå gjør for innbyggerne i Ukraina.

Fokuslandet for årets fasteaksjon er Malawi. Tidligere i år ble landet rammet av flom, og Kirkens Nødhjelp var til stede med krisehjelp. I tillegg jobber vi også med langsiktig bistandsarbeid i landet, blant annet gjennom klimatilpasset jordbruk gjennom vanning via dryppsystemer. Vi gleder oss til å mobilisere, slik at stadig flere mennesker får tilgang til rent vann!

**Takk for at du er med!
God fasteaksjon!**

God påske...

frå biblioteket
og frivilligsentralen



Inkluderande frivillighet



2022 er frivilligheitas år, og vi er godt i gang med prosjektet Inkluderande frivillighet, som tar sikte på å gjere frivilligheita i Vang enno meir synleg, inkluderande og tilgjengeleg. Arbeidsgruppa, som består av Ida i Innovangsjon, Bertine på læringscenteret, folkehelsekoordinator Mona og Marte på frivilligsentralen, jobbar saman med frivillige lag for å etablere ein digital foreiningsportal, lage presentasjonar av alle aktivitetar som finst i bygda, og arrangere ein storstilt frivilligmarknad laurdag 30. april! Denne dagen er de alle velkomne til Vangshallen kl 12-16 for å møte laga og få ein smakebit av alle aktivitetane ein kan ta del i i Vang. Vi håper dette blir ein folkefest og ei flott markering av frivilligheitas år – og ein god arena for informasjon om alle fritidstilbod.

BUA



I BUA Vang kan du låne masse utstyr til friluftsliv, sport og lek – heilt gratis! Vi har ski, turskøyter, akeutstyr, brodder, telt, bålpanne, takke, hengekøyer og mykje, mykje meir - du kan sjå alt utstyret vårt på bua.io/utlansordninger/bua-vang Om du ønskjer å låne: kontakt frivilligsentralen@vang.kommune.no eller telefon 468 16 473. Vi er fleksible! Vi har også ope for drop-in tysdagar kl 15-16. Vi har i vinter hatt aktivitetsdagar med enkelte av skuleklassane på VBU og elles lånt ut utstyr til både ungar og vaksne, folk som bur i bygda, hytteturistar, og utflyttarar som er heime på helgebek. Sånn som vesle Agnes, som fikk oppleve sin aller første skitur i pulken vår.

Spelekveldar på folkebiblioteket

Biblioteket har hatt fleire spelekveldar i februar og mars.

Det er meir eller mindre jamleg for ungdomstrinnet no i vårhalvåret, og vi har også gjeve dei vaksne speleglade i Vang ein kveld så langt. Det har gått mest i brettspellet Ticket to ride og kortspelet Uno, litt Sequence, Norge rundt, kortspel og Letramix, og endå har vi fleire spel på lager. Nokre kveldar har vi hatt lett servering, andre kveldar har deltakarane sjølv take med noko å kose seg med. Det blir fleire kveldar med speling, både for ungdomen og for dei vaksne, så følg med på kva som skjer!



Lystrup Trio

Sundag 8. mai kan du sjå fram til ein flott konsert med Geirr Lystrup og hans trio. Lystrup har vore nominert til spelemannsprisen innan visesjangeren ei rekke gonger, og fått han fem gonger. Han har ei rekke med visealbum og plater for barn, og har og skrive fleire teaterstykke. Hardingfelespelemenn frå Vang er invitert til å spele saman med Lystrup, kanskje kjem dei og!?



Frivillige

«Middagsgjengen» bytter på å servere middag i omsorgsboligen Storploggen kvar sundag. Takk til både nye og mangeårige frivillige som gjer ein viktig innsats for andre!

Opningstider i påska

Frivilligsentralen held stengt heile påskeveka. Biblioteket har ope måndag, tysdag og onsdag kl. 10-14 i påska.

Helsing Marianne x 2, Marte og Inger



BARNAS

Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg Jesus



Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han bruka å skru av lyset før han gjekk og la seg.

- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.



Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	Montér Kvismo	61 36 81 85
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Rogn Bil og landbruk	
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Elektrisk Installasjon AS, v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektromontasje, v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	TK-Bbygg AS	99 00 94 84
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Grindaheim Bygg & Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Tyinkryssset Fjellstue AS	61 36 78 00
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	Vang Grave- og Transport- service AS	95 87 90 04
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Kampenens Begravelsesbyrå	61 36 17 70	Vang Maskin AS	91 10 19 28
		Vang Rør	99 52 22 22
		Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68

Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger ´n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye
Sokneråd

Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre
sokneråd

SØNDAG 17. april - Påskedag
Vang kyrkje kl. 09.00 - 11.00
Påskevandring ved sokneprest Laugaland

Vang kyrkje kl.11.00:
Høgtidsgudsteneste med nattverd
ved sokneprest Laugaland og organist Budvytis



Slekters gang

Øye sokn

Døpt:

09.01: Nathaniel Noguchi Kjørlien
06.02.: Nora Grøv

Vigsel:

27.11: Marie Ask og
Georg Ove Helle

Døde:

02.11: Nils Lunde
29.01: Sigrid Holien
23.02: Håvard Hermundstad

Vang sokn

Døpt:

21.11: Sondre Torgrimssønn
Katevoll

Døde:

05.12: Kirsten Kvam

Heensåsen sokn

Døde:

23.11: Tove Gjevve
20.12: Kristoffer Heen
11.03: Per Joar Helsingeng

Høre sokn

Døpt:

07.11: Alfred Bergh Nygard
24.12: Hennie Adolfsen Hålien

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Jovita Budvytiene, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



Gudstenesteliste

SØNDAG 10. april - Palmesøndag
Haukåsen kl. 13:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis

TORSDAG 14. april - Skjærtorsdag
St. Tomaskyrkja kl. 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Wenche Lie Lysne

Høre stavkyrkje kl. 19:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis

FREDAG 15. april - Langfredag
Børrelia kl. 12:00
 Pasjonsgudsteneste v/sokneprest
 Laugaland

LØRDAG 16. april - Påskeaftan
Heensåsen kyrkje kl. 23:00
 Påskennattsmesse v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis

SØNDAG 17. april - Påskedag
Vang kyrkje kl. 09:00-11:00
 Påskevandring v/sokneprest Laugaland

Vang kyrkje kl. 11:00
 Høgtidsgudsteneste m/nattverd
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis

St. Tomaskyrkja kl. 12:00
 Høgtidsgudsteneste m/nattverd
 v/vikarprest Bjørn Vilberg

ONSDAG 27. april - Morgonsong
 Vang kyrkje kl. 10:30

TORSDAG 28. april - Andakt
 Vangsheimen kl. 13:00

SØNDAG 1. mai - 1. mai
Vang kyrkje kl. 10:30
 Solidaritetsgudsteneste m/nattverd
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis

SØNDAG 8. mai - 4. s. i påsketida
Øye kyrkje kl. 19:00
 Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland og
 organist Budvytis. Tårnagentane deltek.

ONSDAG 11. mai - Morgonsong
 Vang kyrkje kl. 10:30

TORSDAG 12. mai - Andakt
 Vangsheimen kl. 13:00

SØNDAG 15. mai - 5. s. i påsketida
Høre stavkyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis

TIRSDAG 17. mai - 17. mai
Vang kyrkje kl. 10:30
 Festgudsteneste m/nattverd v/sokne-
 prest Laugaland og organist Budvytis.

TORSDAG 26. mai - Helgetorsdag
Heensåsen kyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med konfirmantover-
 høring v/sokneprest Laugaland og
 org. Budvytis. Konfirmantane deltek.

LØRDAG 4. juni - Pinsaftan
Øye kyrkje kl. 11:00
 Konfirmasjonsgudsteneste m/nattverd
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis.

SØNDAG 5. juni - Pinsedag
Vang kyrkje kl. 11:00
 Konfirmasjonsgudsteneste m/nattverd
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis.

LØRDAG 11. juni
Heensåsen kyrkje kl. 11:00
 Konfirmasjonsgudsteneste m/nattverd
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis.

SØNDAG 12. juni - Treeiningssøndag
Høre stavkyrkje kl. 11:00
 Konfirmasjonsgudsteneste m/nattverd
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis.

ONSDAG 15. juni - Morgonsong
 Vang kyrkje kl. 10:30

TORSDAG 16. juni - Andakt
 Vangsheimen kl. 13:00

SØNDAG 19. juni - 2. s. i treeiningstida
Vang kyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis.

TORSDAG 23. juni - Jonsokmesse
Øye stavkyrkje kl. 18:00
 Gudsteneste for små og store v/sokne-
 prest Laugaland og organist Budvytis.

VANG AUTO-SERVICE AS



www.vangautoservice.no

- har betalt denne utsendinga av VANG MENIGHETSBLAD